

Arkiv: <arkivID><jplD> FA-U01, FE-233
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 13.06.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
065/21	Utval for næringsutvikling og drift	22.06.2021

Søknad til Næringsfondet 2021. Anne Mette Prestegård AS - Produksjon av unike gjenbruksprodukter/møbler i Alver

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet *Produksjon av unike gjenbruksprodukter/møbler i Alver* blir ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Utval for næringsutvikling og drift 22.06.2021:

Handsaming:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ND- 065/21 Vedtak:

Prosjektet *Produksjon av unike gjenbruksprodukter/møbler i Alver* blir ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

Føretaket er eit aksjeselskap. Registrert 17.09.2019. Bransje: 74.103 Interiørarkitekt-, interiørdesign- og interiørkonsulentvirksomhet. Kjelde: proff.no

Saksopplysningar:

Anne Mette Prestegård AS er eigd av interiørarkitekt og møbeldesignar Anne Mette Prestegård. Ho er utdanna frå Kunsthøgskolen i Bergen og har erfaring som utstillingsarkitekt for Bymuseet i Bergen. Firmaet ynskjer no å fokusera meir på møbel- og produktdesign.

Om prosjektet

Prosjektet er eit samarbeidsprosjekt mellom Anne Mette Prestegård AS og vekstbedriftene Aufera AS og Knarvik Industri og miljø AS. KIM leverer bruktmøblar dei ikkje får seld til Aufera på Manger, Aufera demonterer møblane og Anne Mette Prestegård lagar skisser og er med på produktutviklinga på treverkstaden. Prosjektet er heilt i startgropa, dei er i gong med utprøving. NGIR vil vere ein ønska samarbeidspartnar for å få tilgang til fleire gjenbruksmaterialar. Marknadsføring og sal vil vere gjennom nettbutikk, sosiale medier og pop-up-butikkar, samt sjå om nokre av designbutikkane i Bergen og andre stader ynskjer å selje produkta. Søkjar er opptatt av at gjenbruk er naudsynt og populært, og at ein kan skape ny design av materialane. Ein stor inspirasjon er den nederlandske designaren Piet Hein Eek som lagar eksklusive gjenbruksmøblar, lampar og interiør. Det vert søkt om midlar til innkjøp av maskiner og utstyr.

Prosjektleveranse/Målsetting

1. Produksjon av unike gjenbruksprodukt/møblar i Alver. Møblane og produkta skal vere unike, dei skal produserast med fokus på berekraft og det skal nyttast gjenbruks- og overskotsmaterialar til produksjonen. Det er viktig at heile næringskjeda er i Alver/Nordhordland.

2. Bygge opp verdikjeda med bruk av gjenbruksmaterialar saman med Knarvik Industri og miljø som har gjenbruksbutikk i Knarvik og Aufera som produsent av produkta.

Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
Produksjon av unike gjenbruksprodukter/møbler i Alver	120 000	60 000	0

Vurdering

Søknadar til næringsfondet i Alver blir vurdert ut frå føremål og målsettingar i vedtektene. Det blir gjort ei heilskapleg skjønsvurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til vekst, innovasjon og auka sysselsetting i kommunen. I tillegg blir det lagt vekt på at det er avgrensa med midlar i fondet.

Søknad om støtte til prosjektet får ikkje tildelt økonomisk støtte frå næringsfondet i denne omgang. Denne avgjerda er gjort ut frå ei totalvurdering av prosjektet.

Vedlegg i saken:

15.06.2021	21_Anne Mette Prestegård AS_soknad-2021-0106_29 apr 2021	1572667
15.06.2021	21_Anne Mette Prestegård AS_soknad-2021-0106_Vedlegg_29 apr 2021	1572668